

Visjon:
**Vilje til visdom
og vennskap**



Overordna mål:

Vi ønskjer at elevane skal få inspirerande faglege utfordringar, oppleve at dei får utvikla sitt potensiale og ikkje minst at alle gjennom meistring og trivsel greier å gjennomføre vgs. Vi jobbar kontinuerleg for å utvikle tilbodet ved skulen og samarbeidet med næringslivet i regionen. Hovudmåla våre i perioden tar utgangspunkt Vestland fylkeskommune sine mål og strategiar: Fornye og forbetra – Auka gjennomføring:

1. Vi skal implementere fagfornyinga i opplæringa
2. Vi skal leggje vekt på inkludering og trivsel
3. Vi skal ha fokus på tilpassa opplæring

Hovudmål 1: Implementering av fagfornyinga

Skulen skal arbeide systematisk og bevisst med innføring av dei nye læreplanane. Det handlar om innhald i fag, undervisningsmetodikk, vurderingsformer og eksamen.

Mål	Tiltak	Ansvar
Bruke meir varierte undervisningsformer i undervisninga	Lærar skal stimulere til lærelyst og gje elevane høve til å oppleve meistring i opplæringa. Lage undervisningsopplegg som gir elevane høve til å utforske fagstoff og utvikle ei djupare læring i fag.	Faglærar/fagseksjon
Gjere elevane førebudde til nye eksamensformer	Bruke nye eksamensforslag som retningslinjer for eigne fagdagar i opplæringa. Trene elevane på overgangen til heildigitale eksamensformer ved skriftlege eksamenar.	Leiing/faglærar
Utvikle vurderingspraksisen	Lage vurderingssituasjonar som gir elevane høve til å vise kompetansen sin i kjente og ukjente samanhengar. Lage vurderingssituasjonar som gir elevane høve til å vise forståing, refleksjon og kritisk tenking.	Faglærar
Auke elevane si bevisstheit om eiga læring	Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga som elevane viser i faget. Lærar skal leggje til rette for at elevane skal få høve til å prøve seg fram fagleg og reflektere over eiga fagleg utvikling, og for at elevane skal få høve til å vurdere seg sjølv og andre.	Faglærar
Implementere tverrfaglege tema i skulekvardagen	Lærar skal inkludere tverrfaglege tema i undervisninga der det er fagleg relevant. Skulen skal leggje til rette for at lærarar og elevar kan arbeide med tverrfaglege tema på tvers av klassar og fag.	Faglærar Leiing

Hovudmål 2: Inkludering og trivsel

For å fremje eit godt læringsmiljø er det psykososiale aspektet viktig. På elevundersøkinga skårar vi høgt på trivsel, men vi har registrert ein liten nedgang siste året (som var eit koronaår). Vi ynskjer å forsterke arbeidet med inkludering, trivsel og samhald på skulen.

Mål	Tiltak	Ansvar
Inkludere alle elevar i eit godt sosialt skulemiljø	Vere tett på alle elevane <ul style="list-style-type: none"> • Individuelle samtalar, relasjonsbygging • Antimobbearbeid i alle klassar • Oppfølging av hybelbuarar • Fadderordning for nye elevar v/elementorar • Integreringsaktivitetar 	Kontaktlærar/ faglærar/rådgjevar/ miljøkoordinator
Skape betre samhald mellom elevar på skulen	Prioritere ulike aktivitetar som kan gjere elevar betre kjende med kvarande, både i og mellom klassar. <ul style="list-style-type: none"> • Bli-kjent-opplegg • Klassettreff • Miljøskapande fellesaktivitetar i kantina • Open skule, skulefrukost, innbydande kantine • Turar 	Miljøkoordinator/rådgjevar/ kontaktlærar
Motverke psykososiale vanskar hos elevar	Leggje til rette for at elevar med ulike psykososiale utfordringar, kan få delta på ein likeverdig måte i skulekvardagen. <ul style="list-style-type: none"> • Tydeleg samanheng mellom undervisning og vurdering 	Leiing/kontaktlærar/faglærar/ rådgjevar/miljøkoordinator

	<ul style="list-style-type: none"> • Tilpasse prøvesituasjonen ved behov • Faste samtalar med kontaktlærar/helsesjukepleiar • Temadagar/kursing med tema innanfor psykisk helse 	
Å gjere Dale vgs til ein del av identiteten til lærarar og elevar	Framsnakke skulen som ein viktig aktør i regionen vår <ul style="list-style-type: none"> • Elevambassadørar som skal vere med på å promotere skulen • Promotere skulen i sosiale medium • Allmøte • Samarbeid med føresette, foreldremøte/-samtalar • Gode fysiske omgjevnader • Innarbeide helse-på-kvarandre-rutinar 	Rådgjevar/lærarar/leiing

Hovudmål 3: Tilpassa opplæring

Ressursteam, faglærarar og PPT samarbeider om tilrettelegging og tilpassing av undervisninga.

Mål	Tiltak	Ansvar
Betre tilpassa opplæring innanfor faggruppene	Ressursteamet gir faglege råd om individuell tilpassing eller tilpassing på systemnivå i klassen. Tettare samarbeid med PPT og BUP. Tilpassing av opplæringa i tråd med fagfornyinga.	Ressursteam/faglærar/leiing
Betre digital studieteknikk hos elevar	Lære elevane å strukturere notatar digitalt. God bruk av digitale verktøy forenklar samarbeidet mellom elev og lærar. Kurse elevar/lærarar i å bruke OneNote, Teams og Office365 på formålstenlege måtar.	E-pedagog / faglærarar
Fremje motivasjon og læring	Gjennom tilpassing og bevisst pedagogisk bruk av digitale verktøy.	E-pedagog/faglærarar/ leiing /IKT-avdeling

Handlingsplan første år (2022-23)

Mål	Tiltak	Ansvar
Implementere fagfornyinga også på vg3. Bruke meir varierte undervisingsformer i undervisinga	Lærar skal stimulere til lærelyst og gje elevane høve til oppleve meistring i opplæringa. Lage undervisningsopplegg som gir elevane høve til å utforske fagstoff og utvikle ei djupare læring i fag.	Faglærar/fagseksjon
Gjere elevane førebudde til nye eksamensformer	Bruke nye eksamensforslag som retningslinjer for eigne fagdagar i opplæringa. Trene elevane på overgangen til heildigitale eksamensformer ved skriftlege eksamenar.	Leiing/faglærar Leiing/faglærar
Inkludere alle elevar i eit godt sosialt skolemiljø	Vere tett på alle elevane <ul style="list-style-type: none"> • Individuelle samtalar, relasjonsbygging • Antimobbearbeid i alle klassar • Oppfølging av hybelbuarar • Fadderordning for nye elevar v/elementorar • Integreringsaktivitetar 	Kontaktlærar/faglærar/rådgjevar/miljøkoordinator
Betre tilpassa opplæring. Betre digital studieteknikk hos elevar	Lærar skal ha fokus på tilpassa opplæring og differensiering innanfor klassen. Lære elevane å strukturere notatar digitalt. Kurse elevar/lærarar til å bruke OneNote, Teams og Office365 på formålstenlege måtar.	E-pedagog / faglærarar